



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2016	Kontrollutvalet	PS	27.01.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		16/102

### FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK

#### Vedlegg:

Artikkel i Bergens Tidende 22. oktober 2015

Artikkel i Kapital 18/2015

#### Framlegg til vedtak:

#### Kontrollutvalet - Sak 05/2016

#### KONT - Behandling:

Terje Davidsen og Bjørg Åse Nottveit Hop ba om habilitetsvurdering for sak 03/16.

Terje er leder i idrettslaget som fekk økonomisk støtte frå T. Mohn. Bjørg er medlem i Formannskapet som behandla saka.

Begge blei einstemmig rekna som inhabile, og fråtredde i saka. Bjørg blei etter ein vurdering av Deloitte ikkje rekna som inhabil i saka, men omsynet til korleis innbyggjarane kan oppfatte dette, førte til at ho blei rekna som inhabil.

I samanheng med at formannskapet sommaren 2015 tilrådde konsesjon til Boge 3 kraftverk, blei det spekulert i regions- og rikspressa om mogleg kopling mellom at formannskapet (etter fullmakt frå kommunestyret) snudde kommunestyret sitt vedtak i saka og likevel rådet til konsesjon, og at Trond Mohn gir pengegåver til formål i kommunen.

Kontrollutvalet har tatt i mot melding frå ordfører i kommunen og ein innbygger om å sjå på dette.

I ettertid har nytt kommunestyre i vedtak av den 14.12.2015 endra kommunens tilråding til å likevel gå imot konsesjon for Boge 3.

Kontrollutvalet har i utgangspunktet ikkje til oppgave å ta opp saker som er behandla i kommunestyret. Det som behandles i kontrollutvalet i denne saka er behandlinga i *formannskapet*.

Saka blei diskutert i møtet. Kontrollutvalet ønsker å få svar på om formannskapet hadde alle dei

nødvendige fullmakter til å foreta eit endelig vedtak, eller om vedtaket skulle være ein innstilling til kommunestyret. Det er ønskelig å få klarlagt tidslinjene i saka.

Det blei bestemt at kontrollutvalet inviterer ordførar og rådmann til neste møte, slik at dei kan gi orientering rundt saksgang, og bakgrunn for at formannskapet valde å endre tilrådinga i saken.

### **KONT - Tilråding/Vedtak:**

Kontrollutvalet inviterer ordførar og rådmann til neste møte slik at dei kan gi orientering rundt saksgang og bakgrunn for at Formannskapet valde å endre tilrådinga i saken.

### **Saksopplysningar:**

I samanheng med at formannskapet sommeren 2015 tilrådet konsesjon til Boge 3 kraftverk, blei det spekulert i regions- og rikspressa om mogleg kobling mellom at formannskapet (etter fullmakt frå kommunestyret) snudde kommunestyret sitt vedtak i saka og likevel rådet til konsesjon, og at Trond Mohn gir pengegaver til formål i kommunen.

Kontrollutvalet har tatt i mot melding frå ordfører i kommunen og ein innbygger om dette.

I ettertid har nytt kommunestyre i vedtak av den 14.12.2015 endra kommunens tilråding til å likevel gå imot konsesjon for Boge 3.

Kontrollutvalet må diskutere korleis denne førespurnaden skal handsames vidare.